



Sigrid med Ljosnes-motivet

**Eg har vorte meir fargeglad med åra.  
Eigentleg veit eg ikkje kvifor.  
Men det kan ha noko med kjærleiken å gjera.**

**Det sa Sigrid Øyrehagen (55) til uskedalen.no før ho i kveld vart introdusert som festivalutstillar i Undarheim. Sigrid var uskedeling til ho hadde runda 16 og kjenner seg framleis sterkt knytt til bygda.**

- Eg er glad i Uskedalen, eg merkar det når eg kjem att, seier Sigrid. På veggane i utstillingslokalet heng 4 konkrete døme mellom tilsaman 21 salsobjekt - det er motiv frå heimstaden.

Eit nyproduisert motiv er frå Ljosnes mot Melderskin med sau og geit i framgrunnen, eit er interiør på Rød og eit er landskapsbilete i to versjonar frå den nedre del av dalen.

Etter kvart har Sigrid som er monotype-pioner her i landet laga atskillige grafiske blad med motiv frå heimbygda. Som kunstnar trivs ho like godt inne som ute og vi synest det særleg er grunn grunn til å merka seg 2 sjakkspelarar i Gamlahuset og 3 som står og drøftar verdsproblem.

Sigrid er ein hardt arbeidande og etter kvart høgt verdsatt kunstnar som jobbar i ein spesiell grafikkteknikk. Den er slik at ingen trykk blir like.

Ho bur i Drammen og har sidan 1989 jobba i eit myldrande kunstnarmiljø i hovudstaden, nærare bestemt i kunstnarhuset på Tøyen. Husleiga der er ikkje til å verta skremt av.

Derifrå har ho difor ingen planar om å flytta og seier at ho klarer seg såvidt økonomisk.sjølv om ho ikkje har nokon mannleg støttespelar med ressursar.

Ho bur saman med ein grafikar som heiter Tom og den tredje i familien er katten Tigern!


Sigrid er ein utruleg aktiv utstillar og dette er tredje gongen ho stillar ut på Undarheim. Ho har også stilt ut på Baroniet. Til hausten skal ho prøve seg i eit for henne nytt geografisk område - i Moelv på Hedemarken.

Til neste år stiller ho kanskje ut i Drammen, som neppe kan seiast å ha ein høg finkulturell posisjon. Men å bu der er greitt nok.



[Motiv frå nedre del av dalen](#)

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Monotypi: SJAKK 2004 41 x 54 cm

---

Sjakkspelarar i Uskedalen